



Turleiar Morten Nilsen og to av turdeltakarane like før start.

Den tillyste fjelldagen i Uskedalen vart berre delvis gjennomført slik den var tenkt.

Turen Høgeteen direkte med tur frå Musland opp Geitadalen, over Akslo mot toppen starta i dag tidleg med 5 deltakarar.

Deltakarane kom frå Os, Mauranger, Halsnøy og Uskedalen.

Turleiar Morten Nilsen informerte om turen og hadde ei kort innføring i bruk av utstyr.

Etter ein time fri gange var turen sikra med tau og anna utstyr.

Regn og skodda utpå dagen stogga ikkje turen.

Ein deltakar starta på den andre turen over Låganoso og mot toppen på merka sti, men avbraut turen før oppstiginga til toppen.

Føredraget på Systrene Nilsen vart avlyst då Morten Nilsen og fylgje hans ikkje er komen til bygdars når dette vert skrive.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal